



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad:	Kommunestyresalen, Stord rådhus
Dato:	02.12.2021
Tid:	14:00

Innkallinga vert sendt til noverande kontrollutval. Sekretariatet er merksam på at val av kontrollutval står på sakslista til kommunestyret i dag (25.11.21, sak PS 53/21), ettersom eit medlem har søkt om fritak. Om det skulle bli endringar i samansetnad, utover eit nytt medlem, vil det bli handtert i morgon.

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Hogne Haktorson tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Rådmannen er invitert for å orientera om oppfølging av to tidlegare forvaltningsrevisjonar (PS 38/21 og PS 39/21) i tida 14.00 - 15.00.

Det er planlagt at Hogne Haktorson møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Fredrik Litleskare
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 9/21 GK 10/21	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte 31.08.2021	2020/86	
	Politiske saker		
PS 38/21	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon - Forum for oppvekst i Sunnhordland	2020/98	
PS 39/21	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan plan- og byggesakshandsaming	2019/45	
PS 40/21	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Stord kommune	2020/171	
PS 41/21	Deloitte presenterer revisjonsplan for rekneskapsrevisjonen, risikovurdering for etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga og interimrevisjonsrapport for 2021	2019/132	
PS 42/21	Kommunal økonomisk bærekraft i Stord kommune	2019/132	
PS 43/21	Statusrapport - Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge	2021/41	
PS 44/21	Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll	2019/133	
PS 45/21	Møteplan 2022 for kontrollutvalet	2020/81	
PS 46/21	Kurs i regi av Deloitte	2019/141	
PS 47/21	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2019/130	
PS 48/21	Eventuelt	2020/89	
	Referatsaker		
RS 20/21	FKT - Medlemsinformasjon september 2021	2019/13	
RS 21/21	Kontrollutvalgskonferansen 2022	2017/40	
RS 22/21	Referat frå ekstraordinært representantskapsmøte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland	2017/36	
RS 23/21	Årsmelding 2020-2021. Mobbeombodet i Vestland	2020/85	
RS 24/21	Oversending av granskingsrapport for utslepp frå naudoverløpet frå Lyngneset avløpspumpestasjon i Stord kommune	2020/85	
RS 25/21	Stord kommunestyret, møte 30.09.21, sak PS 32/21, orientering om vedtak.	2014/302	
RS 26/21	Melding om vedtak Rogaland Revisjon IKS	2014/302	

Godkjenningssaker
GK 9/21 Godkjenning av innkalling og sakliste



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/86-40
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	10/21	02.12.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 31.08.2021

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 31.08.2021 er lagt ved saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad:	Kommunestyresalen, Stord rådhus
Dato:	31.08.2021
Tid:	14:00 - 17.10

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Fredrik Litleskare	Leiar	H
Stian Djuvsland	Nestleiar	FRP
Astrid-Cecilie F. Aleksandersen	Medlem	AP
Tore Jubskås	Medlem	SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Rigmor Svanberg	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Peggy Husevik Bærøy	Rigmor Svanberg	

Merknader

Andre som møte:

Namn	Stilling
Magnus Mjør	Rådmann (Tom. Sak PS 31/21)
Hege Etterlid	Økonomisjef (Tom. Sak PS 31/21)
Else Holst-Larsen	Partner / rekneskapsrevisor i Deloitte AS (Tom. Sak PS 33/21)
Kari Gåsemyr	Forvaltningsrevisor i Deloitte AS (Tom. Sak PS 33/21)
Hogne Haktorson	Kontrollsjef i Vestland fylkeskommune, Sekret. for kontr.utv.

Fredrik Litleskare
utvalsleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 19.05.2021	2020/86	
	Politiske saker		
PS 29/21	Ny revisor - Deloitte AS - presenterer seg	2014/302	
PS 30/21	Rådmannen orienterer om oppfølging av nummerert brev nr. 5 frå KPMG	2019/132	
PS 31/21	Oppfølging - forvaltningsrevisjon plan- og byggesakshandsaming	2019/45	
PS 32/21	Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon innan beredskap	2020/190	
PS 33/21	Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge - Forslag til prosjektplan	2021/41	
PS 34/21	Budsjett 2022 for kontrollarbeidet i Stord kommune	2019/140	
PS 35/21	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2019/130	
PS 36/21	Eventuelt	2020/89	
	Referatsaker		
RS 16/21	Kst. vedtak 27.05.21 - Forum for oppvekst i Sunnhordland - Forvaltningsrevisjonsrapport	2020/98	
RS 17/21	FKT - Medlemsinformasjon juni 2021	2019/13	
RS 18/21	FKT - Invitasjon til Kontrollutvalgslederskolen 2021	2019/13	
RS 19/21	Folkevaldopplæring for kontrollutval i tidlegare Hordaland fylke 2022	2019/141	
	Politiske saker		
PS 37/21	Rogaland Revisjon IKS - Vurdering av om Stord kommune skal gå inn som eigar	2014/302	

Godkjenningssaker

GK 7/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 31.08.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje inn merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 8/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 19.05.2021

Saksprotokoll 31.08.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje inn merknader til møteprotokoll frå møte 19.05.21.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte 19.05.21 vart godkjent.

Politiske saker

PS 29/21 Ny revisor - Deloitte AS - presenterer seg

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet takkar for presentasjon av Deloitte AS, som ny revisor.
2. Deloitte merkar seg aktuelle saker i hausthalvåret 2021.

Saksprotokoll 31.08.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Representantar frå Deloitte AS presenterte seg. Partner Else Holst-Larsen er rekneskapsrevisor med kontoradresse i Haugesund. Ho fortalde at Inger-Johanne Solberg er oppdragsleiar innan rekneskapsrevisjonen for oppdraget i Stord kommune.

Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr er forvaltningsrevisor med kontoradresse i Bergen, og orienterte om forvaltningsrevisjonseininga i selskapet.

Det var ein kort gjennomgang av aktuelle saker framover.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Kontrollutvalet takkar for presentasjon av Deloitte AS, som ny revisor.
2. Deloitte merkar seg aktuelle saker i hausthalvåret 2021.

PS 30/21 Rådmannen orienterer om oppfølging av nummerert brev nr. 5 frå KPMG

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 31.08.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Rådmann Magnus Mjør og økonomisjef Hege Etterlid orienterte om at eit skriv i saka er utarbeid og ligg til kvalitetssikring. Dei gjekk gjennom innhaldet. Utvalet sa seg godt nøgd med presentasjonen. Dei ønskjer å få tilsendt skrivet, via sekretariatet, når det er heilt klart.

Tilleggsforslag i punkt 2, framkom etter sams drøfting.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Økonomisjefen vert beden om å senda dokument i saka til sekretariatet etter møtet, for vidare distribusjon til kontrollutvalet.

PS 31/21 Oppfølging - forvaltningsrevisjon plan- og byggesakshandsaming

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet er skuffa over at det ikkje er motteke ny skriftleg rapportering i samband med forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming, sjølv om det var god frist på denne.
2. Utvalet tar rådmannen sin informasjon i møtet til orientering.
3. Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til møte 02.12.2021. Statusrapporten vert å oversenda til sekretariatet innan 11.11.2021.

Saksprotokoll 31.08.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Ny status for oppfølging av forvaltningsrevisjonen vart motteken i sekretariatet etter at innkalling var sendt ut. Den vart ettersendt til utvalet før møtet.

Rådmannen orienterte om oppfølginga, som syner at fleire ting er komne på plass, men at det og er ein del oppfølgingsarbeid som gjenstår. Han orienterte dessutan om at det er utfordring med mange permisjonar innan byggesak for tida, noko som kan medføra forseinkingar.

På bakgrunn av motteken skriftleg tilleggsinformasjon, meinte både utval og sekretariat at punkt 1 i forslag til vedtak kunne takast bort.

Opphavleg punkt 2 og 3 vart samrøystes vedteke, og vart nummerert som pkt. 1 og 2 i vedtaket.

Formuleringa «ny skriftleg status» vart samrøystes redigert til ««ny oppdatert skriftleg status»

Vedtak

1. Utvalet tar rådmannen sin informasjon i møtet til orientering.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny oppdatert skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til møte 02.12.2021. Statusrapporten vert å oversenda til sekretariatet innan 11.11.2021.

PS 32/21 Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon innan beredskap

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er sett i gang i samband med forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune.

2. Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til siste møte i utvalet for sumaren 2022. Statusrapporten bes levert sekretariatet seinast 3 veker før møtedato.

Saksprotokoll 31.08.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Utvalet såg positivt på oppfølgingsarbeidet så langt, og merka seg bl.a. beredskapssamarbeid mellom Stord kommune og Fitjar kommune.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er sett i gang i samband med forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til siste møte i utvalet for sumaren 2022. Statusrapporten bes levert sekretariatet seinast 3 veker før møtedato.

PS 33/21 Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 10.09.2021.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som går fram av prosjektplanen.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Stord kommunestyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.03.2022, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at den kan handsamast i kontrollutvalet i andre møte i 2022.

Saksprotokoll 31.08.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte AS, Kari Gåsemyr, orienterte om prosjektplanen.

Det framkom slike innspel/moment i drøftinga etterpå:

- Deloitte må merka seg forvaltningsrevisjon innan tenestetilbodet som gjeld rus og psykiatri, som var lagt fram for kommunestyret 20.06.2019 i sak PS 25/19, og seinare oppfølging frå kontrollutvalet av denne.
- Det vert gjort merksam på Interpellasjon IS 21/21 frå kommunestyret sitt møte 22.06.21, gjeldande heildøgnsstilbod i skjæringa mellom rus og psykiatri.
- Ønskje om at brukarperspektivet kjem fram på eit eller anna vis i arbeidet med rapporten.
- Om interkommunalt samarbeid når foreldre bur i ulike kommunar.
- Barn som flyttar til og frå kommunen. Følgjer då ei evt. sak barnet?
- Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) - samarbeid mellom instansar. Er det godt nok?
- Metodespørsmål relatert til kultur - førebyggjande tiltak - fritida til barna
- Ønskjeleg at Deloitte AS har kontakt med rådmannen ved oppstart av prosjektet, for avklaring om prosess for verifisering og høyring i sluttfasen av prosjektet.

Relatert til forslag til vedtak, kom det etter sams drøfting slike innspel:

- Frist i vedtakspunkt 2 vert utsett til 25.09.21. Likevel bra om korrigert prosjektplan vert klar tidlegare enn frist.
- Nytt punkt 3: Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
- Øvrige punkt vert forskyvd tilsvarande.
- Det vert vurdert om revidert prosjektplan har så stor endring at den bør innom alle i utvalet for å kunna gje merknader, med kort svarfrist, før den vert vedteken

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke med slike endringar:

- Ny dato, 25.09.21., i pkt. 2
- Tilleggsforslag punkt 3.
- Forskyvning av øvrige vedtakspunkt der opphavleg pkt. 3 vert pkt. 4 osv.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 25.09.2021.
3. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
4. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som går fram av prosjektplanen.
5. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Stord kommunestyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.03.2022, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at den kan handsamast i kontrollutvalet i andre møte i 2022.

PS 34/21 Budsjett 2022 for kontrollarbeidet i Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtar forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Stord kommune for 2022 inkludert endringar som blir gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2022.

Saksprotokoll 31.08.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Ettersom det ikkje framkom endringsforslag, utgår siste halve setning i punkt 1.

Forslag til vedtak, med redigering av punkt 1, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vedtar forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Stord kommune for 2022.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2022.

PS 35/21 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll 31.08.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Utval for oppvekst og kultur, møte 01.06.21, sak PS 8/21, Tilstandsrapport for einingane i oppvekst og kultur i Stord 2020/2021:

- Kontrollutvalet ser med bekymring på auke i bekymringsmeldingar (vald i nære relasjonar) til barnevernet, gjeldande dei yngste aldersgruppene.

Kontrollutvalet har i dag bestilt ein forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser med bekymring på auke i bekymringsmeldingar (vald i nære relasjonar) til barnevernet, gjeldande dei yngste aldersgruppene. Dette jmf. Utval for oppvekst og kultur si sak PS 8/21 om Tilstandsrapport for einingane i oppvekst og kultur i Stord 2020/2021.
2. Kontrollutvalet tar forøvrig møteprotokollane til orientering.

PS 36/21 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 31.08.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

A - Rapport frå Muliconsult vedr. utslepp Sagvåg.

Viser til KUV-vedtak av 19.05.21 sak PS 24/21 siste avsnitt:

«Kontrollutvalet vil kome attende til saka om utslepp når Multiconsult sin rapport frå kartlegginga av havbotnen i Sagvåg føreligg, og forutset at denne blir sendt kontrollutvalet.»

Utvalet oppfatta at rapporten skulle vore ferdig no, etterlyser når den er klar, og minnar om oversending til utvalet.

B - Samarbeid mellom SFO og kulturskulen.

Kontrollutvalet stilte 19.05.21 nokre spørsmål om samarbeid mellom SFO og Kulturskulen, jmf. Utval for oppvekst og kultur si sak PS 6/21. Svar på spørsmåla vart mottekne i sekretariatet etter at innkalling var sendt ut. Svaret vart ettersendt til utvalet før møtet.

Utvalet takka for svaret og seier seg ferdig med saka.

C - Henvending

Utvalsleiar orienterte om ei henvending. På grunnlag av henvendinga sin art vart møtet samrøystes lukka med heimel i kommunelova § 11-5, 3. ledd pkt. a, ved handsaming av saka, jmf. Offl. § 13 jmf. forv.l. § 13.

Det kom fram at noko av saksinnhaldet vil bli prøvt for retten. I slike tilfelle brukar ikkje kontrollutvalet å gå nærare inn i ei sak. Dessutan har kontrollutvalet ein hovudfunksjon opp mot om rutinar og system fungerer i kommunen og mindre ift. einskiltsaker. Utvalet valde å ikkje reisa sak i utvalet på bakgrunn av henvendinga.

Vedtak i punkta A, B og C i saka var samrøystes.

Vedtak

A - Rapport frå Muliconsult vedr. utslepp Sagvåg.

Utvalet oppfatta at rapporten frå Multiconsult vedr. utslepp Sagvåg skulle vore ferdig no, etterlyser når den er klar, og minnar om oversending til utvalet.

B - Samarbeid mellom SFO og kulturskulen.

Kontrollutvalet takkar for svar frå kommunen på spørsmål om samarbeid mellom SFO og kulturskulen og seier seg ferdig med saka.

C - Henvending

Kontrollutvalet vel å ikkje ta opp sak jmf. henvendinga, bl.a. grunna at noko av saksinnhaldet vil bli prøvt for retten. Då er det vanleg at rettsavgjerd kjem før utvalet evt. gjer noko.

Referatsaker

RS 16/21 Kst. vedtak 27.05.21 - Forum for oppvekst i Sunnhordland - Forvaltningsrevisjonsrapport

Saksprotokoll 31.08.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 17/21 FKT - Medlemsinformasjon juni 2021

Saksprotokoll 31.08.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 18/21 FKT - Invitasjon til Kontrollutvalgslederskolen 2021

Saksprotokoll 31.08.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Det er avgrensa med plasser på fysisk arr. Nestleiar i utvalet er såleis påmeldt, med utvalsleiar som vara.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet har ingen merknader til at nestleiar i utvalet er påmeldt FKT sin kontrollutvalsleiarskule 18.-19.10.21 (fysisk arr.), med utvalsleiar som vara.

RS 19/21 Folkevaldopplæring for kontrollutval i tidlegare Hordaland fylke 2022

Saksprotokoll 31.08.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Utvalet ønskjer at så mange som råd frå kontrollutvalet deltar på folkevaldopplæring for kontrollutvala i tidlegare Hordaland fylke, 15.-16.02.2021.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet ønskjer at alle utvalsmedlemene deltar på folkevaldopplæring for kontrollutvala i tidlegare Hordaland fylke, 15.-16.02.2021.

Politiske saker

PS 37/21 Rogaland Revisjon IKS - Vurdering av om Stord kommune skal gå inn som eigar

Forslag til innstilling

1. Kommunestyret ønskjer ikkje å gå inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS då det heller ikkje no ligg føre nok informasjon til at ein kan estimere ein framtidig total revisjonskostnad for Stord kommune med ei slik ordning.
2. Kommunestyret tar ikkje opp saka til ny vurdering før det eventuelt ligg føre meir informasjon frå Rogaland Revisjon IKS.

Saksprotokoll 31.08.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kommunestyret ønskjer ikkje å gå inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS då det heller ikkje no ligg føre nok informasjon til at ein kan estimere ein framtidig total revisjonskostnad for Stord kommune med ei slik ordning.
2. Kommunestyret tar ikkje opp saka til ny vurdering før det eventuelt ligg føre meir informasjon frå Rogaland Revisjon IKS.

Politiske saker
PS 38/21 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon - Forum for oppvekst i Sunnhordland



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/98-63
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	38/21	02.12.2021

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon - Forum for oppvekst i Sunnhordland

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med oppfølging av forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) og ønskjer lukke til i det vidare arbeidet.

Samandrag

Det er gjennomført forvaltningsrevisjon gjeldande Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). Den er felles for kommunane Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio. Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å kartlegge kva rammer FOS opererer under og å kartlegge og vurdere erfaringane med og resultatata til FOS. Dette er første oppfølging av forbetningsarbeidet på denne forvaltningsrevisjonen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjon Forum for oppvekst i Sunnhordland - Oppfølging
- 2 2021 Samarbeidsavtale for medlemskommunane i Forum for oppvekst og kultur (FOS)

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Stord kommune gjorde slikt vedtak 27.05.2021 i sak PS 13/21:

1. Sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll på ein måte som er hensiktsmessig for den einsskilde kommune.
2. Sørge for at ein vurderer korleis kommunen kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen.
3. Sikre at det vert vurdert om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt.
4. Sikre at ein tydeleggjere kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby til dei tilsette i oppvekstsektoren.
5. Formidla at "Stord kommunestyre ynskjer at HVL Campus Stord så langt som råd har prioritet som samarbeidspart i patnarskap og utviklingsprosjekt FOS koordinerer.
6. At rådmannen kjem med tilbakemelding på tilrådinga ovanfor til kontrollutvalet, med frist til 01.10.2021

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følge opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet har eit spesielt ansvar for å følge opp at kommunestyret sine vedtak i samband med rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgd opp, jf. kommunelova § 23-2, der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at:

e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapportar, blir fulgt opp.»

Rapportering til kommunestyret i tråd med dette skjer normalt i samband med at kontrollutvalet årleg legg fram si årsmelding for kommunestyret til godkjenning.

Sekretariatet mottok vedlagte brev med vedlegg 01.10.2021 fra Stord kommune som inneheld status for oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen. Av tilbakemeldinga går det fram at det meste av forbetningsarbeidet no er ferdig gjennomført.

Sekretariatet av den oppfatning at kontrollutvalet no bør seie seg nøgd med oppfølging av forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) og ønskje lukke til i det vidare arbeidet.

Konklusjon

På bakgrunn av at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet seier seg nøgd med oppfølging av forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) og ønskjer lukke til i det vidare arbeidet.

Sekretariat for kontrollutvalet
Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 28.09.2021
Vår ref: 2021/439 - 27306/2021 / 026
Dykkar ref:

Tilbakemelding til kontrollutvalet på tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapport - Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)

Kommunestyret vedtok den 27.05.2021 i PS 13/2021 fylgjande:

- 1. Sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll på ein måte som er hensiktsmessig for den einkilde kommune.*
- 2. Sørge for at ein vurderer korleis kommunen kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen.*
- 3. Sikre at det vert vurdert om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt.*
- 4. Sikre at ein tydeleggjere kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby til dei tilsette i oppvekstsektoren.*
- 5. Formidla at "Stord kommunestyre ynskjer at HVL Campus Stord så langt som råd har prioritet som samarbeidspart i patnarskap og utviklingsprosjekt FOS koordinerer.*
- 6. At rådmannen kjem med tilbakemelding på tilrådinga ovanfor til kontrollutvalet, med frist til 01.10.2021*

Bakgrunn for saka

Det er gjennomført forvaltningsrevisjon gjeldande for Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). FOS omfattar kommunane Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio. Alle kommunane har delteke i forvaltningsrevisjonen.

Samarbeidet mellom kommunane strekkjer seg tretti år tilbake i tid. Gjennom desse åra har samarbeidet blitt utvida og FOS har teke på seg fleire oppgåver. Mellom anna har oppgåver innafor barnehagesektoren, kulturskulen og vaksenopplæringa blitt integrerte i det som i byrjinga var eit reint grunnskulesamarbeid. Det var skulesjefane i dei seks kommunane i tillegg til Ølen kommune som i 1990 tok initiativ til å etablera «Kursregion Sunnhordland». Skulestyra i dei 7 kommunane slutta seg til tilrådinga til skulesjefane, og det vi no kjenner som FOS var ein realitet.

Kontrollutvalet i Stord kommune ynskte kunnskap om Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS), irekna funksjonar og oppgåver. Kontrollutvalet ba KPMG om å lage ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av FOS og vil invitere Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad og Sveio kommune ved kontrollutvala til å ta del i ein sams forvaltningsrevisjon knytt til FOS.

Tilrådingane frå revisjonen var som fylgjande:

- 1. Deltakarkommunane bør sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll på ein måte som er hensiktsmessig for den einkilde kommune*

2. *Deltakarkommunane bør vurdere korleis kommunen kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen*
3. *Deltakarkommunane bør vurdere om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS vert styrt internt i den einskilde kommune.*
4. *Deltakarkommunane bør tydeleggjere kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby dei tilsette i oppvekstsektoren*

Tilbakemelding på tilrådingane vedtekne av kommunestyret

1. Sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll på ein måte som er hensiktsmessig for den einskilde kommune

FOS samarbeidet er eit effektiviseringstiltak og omfattar ikkje overføring av avgjerdsmynde mellom kommunane, det er difor ikkje trong for vertskommunesamarbeid etter kommunelova. Samarbeidskommunane har likevel funne det føremålstenleg å formalisera samarbeidet gjennom ei avtale. Rådmannen har vurdert avtala som eit effektiviseringstiltak av ikkje-prinsipielt verde og signerte avtalen 23.9.2021. Avtalen er vedlagt her og vil bli lagt fram for Utval for oppvekst og kultur til orientering i møte 5.10.21.

2. Sørge for at ein vurderer korleis kommunen kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen

Hovudtillitsvalde har tilgang til alle referat frå møta i styringsgruppa FOS. Dei ligg tilgjengeleg for alle på postlista til kommunen.

Kommunalsjef og hovudtillitsvalde har faste samarbeidsmøte/ medråderettsmøter der ting som kan ha verknad på dei tilsette sin arbeidssituasjon vert drøfta. Dei tilsette sine rettar etter hovudavtalen er grunnlaget for innhald og form på møta. Einingane og dei tilsette sine behov for kompetanseheving er eit tema for drøfting og medverknad. I desse møta er mellom anna trong for samla kompetanse i einingane og hos arbeidstakarane og kompetansehevingsplanar for dei ulike områda i sektoren tema. Kommunalsjefen sit i styringsgruppa i FOS og kan ta opp saker frå samarbeidsmøte/ medråderettsmøter og tillitsvalde kan ta opp spørsmål frå referat slik at dette kan takast tilbake til i styringsgruppa.

Forvaltningsrapporten er teken opp med hovudtillitsvalde som hadde fylgjande to innspel til dette punktet:

At det blir satt i system at saker som skal opp i FOS blir teke opp i medråderett (og drøftast dersom det trengs) i god tid før møte, i kvar kommune. At me har tilgang til referat er korrekt, men det er for seint å komma med innspel då.

At det blir med ein representant frå arbeidstakarsida (Utdanningsforbundet) i FOS.

Fylgjande nye tiltak blir gjennomført:

Saklista til styringsgruppa i FOS vert diskutert med hovudtillitsvalde før styremøta.

Hovudtillitsvalde blir inviterte med på leiarakonferansen i FOS for å få eit kunnskapsgrunnlag og innsikt i det leiarane jobbar med i FOS

Årsmeldinga frå FOS skal orienterast om i møte med hovudtillitsvalde.

Tillitsvalde er i den årleg vurderinga av kompetansebehov for oppvekstsektoren med på å vurdere kva område ein skal be om støtte frå FOS.

Tillitsvalde får tilgang til sektoren sin møteplan med oversikt over møta i FOS.

Hovudtillitsvalde ynskjer fast representant frå arbeidstakarsida (Utdanningsforbundet) i FOS.

Dette har ein tidlegare svar ut med at det kan verta aktuelt knytt til enkelte tema eller saker, men ikkje fast representant i møta.

3. Sikre at det vert vurdert om det er behov for tydlegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS vert styrt

Det er gjennomført ei kartlegging i skular og barnehagar for å sjekka ut om det er trong for tydlegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis det vert styrt. Det var få svar på kartlegginga, men dei svara ein fekk tyder på at dei fleste veit kva det er, men ikkje korleis det vert styrt. Ut frå svara kan ein og forstå det slik at ein ikkje opplever at det er naudsynt å ha slik informasjon om. Mange skriv at dei får den informasjonen dei treng, samstundes som fleire er opptatt av at lenka til FOS si heimeside skal liggja lett tilgjengeleg for alle tilsette på kommunen og skulen, barnehagen si nettside samt at einingsleiar gjerne kan orientera tilsette om kurs ol. i regi av FOS i personalmøte ol.

Rådmannen meiner likevel at ein vil gje meir informasjon gjennom å sende ut årsmeldinga til FOS til tilsette i oppvekst i Stord kommune elektronisk.

4. Sikre at ein tydeleggjer kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby dei tilsette i oppvekstsektoren

Det er gjennomført ei kartlegging i skular og barnehagar for å sjekka ut om det er trong for tydlegare kommunikasjon kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS dei kan nytte seg av.

Det var få svar på kartlegginga, men dei svara ein fekk tyder på at dei fleste har delteke på ein eller fleire samlingar/ kurs i regi av FOS. Mange skriv at dei får den informasjonen dei treng, samstundes som fleire er opptatt av at lenka til FOS si heimeside skal liggja lett tilgjengeleg for alle tilsette på kommunen og skulen, barnehagen si nettside samt at einingsleiar gjerne kan orientera tilsette om kurs ol. i regi av FOS i personalmøte ol. Det kom innspel om at kommuneleiinga må spørja etter kva tema skulane og barnehagane ser som aktuelle og informerer vidare til FOS.

Rådmannen meiner at ein og på dette punktet kan auka kunnskapen gjennom å sende ut meir informasjon som handlingsplan og årsmeldinga til FOS til tilsette i oppvekst i Stord kommune elektronisk.

5. Formidla at "Stord kommunestyre ynskjer at HVL Campus Stord så langt som råd har prioritet som samarbeidspart i patnarskap og utviklingsprosjekt FOS koordinerer.

HVL Campus Stord vert kalla inn fast til alle møter i styringsgruppa og i grunnskule- og barnehagegruppa. FOS har og ein nyleg revidert intensjonsavtale med HVL Campus Stord og Stord kommune saman med Fitjar og Sveio samarbeider med HVL Campus Stord om utviklingsarbeidet Kompetanseløftet for spesialpedagogisk og inkluderande praksis. Det er og ein intensjon at ein i det vidare skal samarbeida om Dekom og Rekom med HVL Campus Stord.

Med helsing
Mariann Jacobsen Hilt
Kommunalsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift



Samarbeidsavtale for medlemskommunane i Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)

Samarbeidande kommunar

Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio kommunar.

Føremål

FOS har til føremål å fremja læring og utvikling for barn og unge, ved å samarbeida om oppgåver innanfor oppvekstsektoren. FOS skal leggja til rette for samhandling og kompetansetiltak på tvers av kommunegrensene, for alle tilsette i oppvekstsektoren.

Sentrale oppgåver

- Kurs, nettverkssamlingar, workshops
- Munnleg eksamen – fordeling av sensorar til kommunane
- Interkommunale tilsyn i barnehagane.
- Fellestiltak knytt til dei statlege kompetanseutviklingsordningane. FOS representerer Sunnhordland i samarbeidsfora knytt til dei ulike ordningane.
- Oppfølging av inngåtte avtalar med våre samarbeidspartnarar.
- Erfaringsdeling, hjelp og støtte mellom kommunane.

Samarbeidsform

Kommunane har eit avtaleregulert samarbeid. Kvar einskild kommune har likevel ansvaret for kvalitets- og kompetanseutviklinga i sin kommune. Kommunane vel om dei vil delta på dei fellestiltaka og prosjekta som FOS legg til rette for. Det same gjeld tilrådingar som måtte koma frå Styringsgruppa eller nokon av undergruppene.

Presiseringar: Samarbeidet er ikkje eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova, ettersom det ikkje er overført avgjerdsmynde mellom kommunane. Samarbeidet er heller ikkje eit kommunalt oppgåvefelleskap med heimel i kommunelova.

FOS sine organ

FOS vert i dag organisert med éi styringsgruppe, med fleire undergrupper. Styringsgruppa kan oppretta prosjektgrupper/nettverk/utval dersom det er trong for det. Styringsgruppa kan og avvikla eller slå saman nokre av gruppene dersom det er mest hensiktsmessig for å løyse oppgåvene.

Styringsgruppa er sett saman av éin fast representant frå leiargruppa i kvar kommune med ansvar for oppvekstområdet. Styringsgruppa sine medlemar har ikkje varafolk.

M.



Styringsgruppa skal ha det overordna ansvaret for all verksemd i FOS. Dette omfattar og koordinering/fordeling av det økonomiske ansvaret for samarbeidskommunane.

Leiarfunksjonen i Styringsgruppa skal rullerast med 2 års funksjonstid. Leiing av Styringsgruppa skiftar slik mellom kommunane: Kvinnherad-Bømlo-Stord-Sveio-Fitjar-Etne. Representant frå Styringsgruppa representerer regionen i ulike samarbeidsfora.

Dagleg leiar

Dagleg leiar koordinerer alle fellestiltak innan kompetanseheving, og fungerer som sekretær for Styringsgruppa og dei andre undergruppene etter avtale.

Storleiken på stillingsprosenten blir fastsett av Styringsgruppa – 80% på tidspunktet for inngåing av denne avtalen.

Sekretariatet ligg for tida i Sveio kommune.

Årsmelding og handlingsplan

Dagleg leiar utarbeider kvart år ei årsmelding for verksemda i FOS. Årsmeldinga vert lagt fram for Styringsgruppa i første møte etter sommarferien. I samband med handsaminga av denne, drøftar Styringsgruppa strategiar og arbeidsoppgåver for året som kjem. Strategi og arbeidsoppgåver skal munna ut i ein handlingsplan for FOS neste skule-/barnehageår. Handlingsplanen vert handsama i første møte etter ferien og skal vera retningsgjevande for arbeidet i FOS

Økonomi

Sekretariatskommunen har ansvaret for system for budsjett, rekneskap og arkiv.

Dagleg leiar presenterer framlegg til budsjett i august/september, og rapporterer kvar måned på økonomi til sekretariatskommunen. Styringsgruppa i FOS får kopi av tertialrapport og årsrapport.

Sekretariatskommunen betaler ut løn til dagleg leiar. To gonger i året (juli og desember) blir det sendt ut krav om refusjon til medlemskommunane. Storleiken på refusjonskravet vert rekna ut etter tal elevar i grunnskulen i kvar kommune. I tillegg går 5% av sekretærløn til sekretariatskommunen som administrativt påslag.

Fordeling av innkomne midlar/tilskot

Innkomne kompetansemidlar/tilskot knytt til dei statlege ordningane vert fordelt ut til medlemskommunane same året som dei kjem inn til FOS. Styringsgruppa avgjer fordelingsnøkkel, og storleiken vert fordelt etter kriterium fastsett i tildelingsbrev.

Andre tildelingar, både etter søknad om tilskot og andre midlar frå fylkesmannen, får eige prosjektnummer og øyremerka ulike kompetansehevingstiltak.

Samarbeidsavtalen si varigheit

Avtalen gjeld til han vert sagt opp.

Dersom ein av kommunane i samarbeidet ønskjer å melda seg ut av FOS, må dette meldast skriftleg til Styringsgruppa – seinast eitt år på førehand. Utmelding kan berre skje ved årsskifte. Ved endeleg oppløysing skal eventuelle overskotsmidlar fordelast mellom dei kommunane som var medlem ved siste årsskifte før oppløysinga.



X

Kjetil Aga Gjøsæter
Kommunedirektør, Bømlo kommune

X

Bjørn Tollefsen
Kommunedirektør, Etne kommune

X

Olaug Haugen
Rådmann, Fitjar kommune

X

Ragnhild Bjerkvik
Kommunedirektør, Kvinnherad kommune

X

Magnus Mjør
Rådmann, Stord kommune

X

Jostein Førre
Rådmann, Sveio kommune

Handwritten text, possibly a signature or name, located in the center of the page.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/45-37
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	39/21	02.12.2021

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan plan- og byggesakshandsaming

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av punkta 3 og 4 etter forvaltningsrevisjon av plan og byggesakshandsaming i Stord kommune, til møte i utvalet 26.04.2022.
2. Ny statusrapport vert å senda til sekretariatet innan 04.04.2022.

Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si fjerde oppfølging av vedtak gjort i kommunestyret 14.05.2020, gjeldande forvaltningsrevisjonsrapport om plan og byggesakshandsaming i Stord kommune.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Status forvaltningsrevisjon per november 2021
- 2 Status forvaltningsrevisjon per november 2021

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Stord kommune gjorde slik vedtak i sak PS 21/20 i møte 14.05.2020:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan plan og byggesakshandsaming ber kommunestyret rådmannen syta for å:

1. *Følgje opp og avklare behovet for å implementere eit eige sakshandsamingssystem for byggesakshandtering.*
2. *Iverksette tiltak for å sikre at avvikssystemet også vert nytta innanfor byggesakshandsaminga.*
3. *Etablere arbeidsrutinar som sikrar gjennomføring og oppfølging av tilsyn, irekna å vurdere om dei har tilstrekkelig kapasitet for å gjennomføre tilsyn i samsvar med målsetting og regelverk.*
4. *Etablere og implementere tydelege samhandlingsrutinar mellom Regulering, bygg og Oppmåling (RBO), Stord kommunalteknikk (SKT) og vegmynde.*
5. *Prioritere arbeidet med å oppdatere det kommunale planverket.*
6. *Sikre at all relevant rådgjeving og rettleiing vert dokumentert i samsvar med forvaltningslova.*
7. *Etablere tiltak for å sikre at førebels svar vert sendt ut på alle byggesaker kor sakshandsaminga overgår fire veker.*
8. *Det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Handlingsplan i tråd med punkt 8 over vart handsama i møte i kontrollutvalet 08.09.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ser positivt på det betringsarbeidet som er satt i gong i samband med forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming*
2. *Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i 2021. Statusrapporten vert å oversenda til sekretariatet innan 15.01.2021.*

Oppfølging i tråd med punkt 2 over vart handsama i møte i kontrollutvalet 04.03.2021 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ser positivt på at betringsarbeidet er kome noko lenger enn ved forrige rapportering i samband med forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming.*
2. *Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til møte 06.09.2021. Statusrapporten vert å oversenda til sekretariatet innan 16.08.2021.*

I møte i kontrollutvalet 31.08.2021 gjorde kontrollutvalet slikt vedtak:

1. Utvalet tar rådmannen sin informasjon i møtet til orientering.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny oppdatert skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til møte 02.12.2021. Statusrapporten vert å oversenda til sekretariatet innan 11.11.2021.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følge opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

«Frå tilsvarande sak i kontrollutvalet sitt møte 04.03.2021, var dette medteke:

Sekretariatet fekk oversendt vedlagte brev og oppdatert handlingsplan pr. 15.01.2021 frå Stord kommune. Den oppdatert handlingsplanen inneheld status for oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen på ein strukturert og klar måte.

Sekretariatet ser positivt på at betringsarbeidet er kome noko lenger enn ved forrige rapportering m.a. ved at punkt 6 og 7 no er ferdig gjennomført. Vidare går det fram av tilbakemeldinga at ein del av betringsarbeid er vorte forseinka grunna korona og heimekontor og difor ikkje er vorte ferdig innan dei fristane som var sett i handlingsplanen.

På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be rådmannen om å få ny skriftleg status på oppfølgingsarbeidet til møte 06.09.2021.»

I tråd med punkt 2 i vedtak frå møte i kontrollutvalet 31.08.2021 mottok sekretariatet 17.11.2021 vedlagte e-post med ein oppdatert handlingsplan, vedlegg 1 og 2. Sekretariatet registrerer av handlingsplanen at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan plan- og byggesakshandsaming i Stord kommune er kome litt lenger enn ved førre rapportering som vart handsama i møte i kontrollutvalet 04.03.2021 ved at punkt 1, 2 og 5 no er ferdig gjennomført. Frå før var punkt 6 og 7 ferdig gjennomført.

Når det gjeld dei resterande punkta 3 og 4 går det fram av tilbakemeldinga at det framleis er ein del forbetningsarbeid som ikkje er ferdig gjennomført og at fleire av desse punkta har same status i dag som dei hadde ved rapporteringa til møte i kontrollutvalet i mars 2021. Det vert argumentert med at dette m.a. skuldast at tilsynsleiar i stor grad er omdisponert til byggjesakshandsaming grunna vakansar og for lite kapasitet i høve saksmengde. Det går vidare fram av e-post frå Stord kommune, vedlegg 1, at Arnstein Hetlesæter er konstituert som einingsleiar på Stord kommunalteknikk.

På bakgrunn av det som går fram over bør kontrollutvalet be om ny skriftleg status på oppfølging av punkta 3 og 4 til møte i utvalet 26.04.2022.

Konklusjon

Sekretariatet rår til at kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av punkta 3 og 4 etter forvaltningsrevisjon av plan og byggesakshandsaming i Stord kommune, til møte 26.04.2022. Ny statusrapport vert å senda til sekretariatet innan 04.04.2022.

Fra: Lovise Vestbøstad (Lovise.Vestbostad@stord.kommune.no)

Sendt: 17.11.2021 12:25:41

Til: Hogne Haktorson

Kopi:

Emne: Status forvaltningsrevisjon per november 2021

Vedlegg: Status forvaltningsrevisjon per november 2021.doc

Vedlagt følger status for oppfølging av forvaltningsrevisjon plan- og byggesak per 15. november 2021.

Til informasjon er Arnstein Hetlesæter (AHE) konstituert som einingsleiar på Stord kommunalteknikk.

Med venleg helsing,

Lovise Vestbøstad

Plansjef, Rådmannen si leiargruppe

Stord kommune

Mobil: +47 911 50 097

Direkte: +47 53 49 68 18

Telefon: +47 53 49 66 00

www.stord.kommune.no

Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkivverdig etter arkivlova vil bli registrert i vår offentlege postjournal.

Ver venleg å ta omsyn til miljøet – skriv berre ut det som er naudsynt.

HANDLINGSPLAN etter forvaltningsrevisjon byggesak 2020 status pr. 15.11.21

Oppfølging av vedtak i kommunestyret 14.05.2020		Ansvar	Frist
<p>Prioritert handlingsplan til kontrollutvalet med frist innan 01.09.2020, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.</p> <p>Status rapportert 15.01.21</p> <p>Status rapportert 26.08.21</p> <p>Status rapportert per 15.11.21</p>			
1. Følgje opp og avklare behovet for å implementere eit eige sakshandsamingssystem for byggesakshandtering			
RBO v/byggesak anskaffar modul til Elements, fagsystemet eByggesak, for å oppnå m.a. meir effektiv og lik sakshandsaming av byggesøknader. Kjøpet vert gjennomført i samråd med IKT og Fellestenester i Stord kommune.	ARN		31.12.2020
Status per 15.01.21: Stord kommune har i samarbeid med Bømlo, Fitjar og Kvinnherad utarbeidd konkurransegrunnlag for anskaffing av fagsystem eByggesak som vert kunngjort 13.01.2021.	ARN		Utført
Status per 26.08.21: Fagsystemet er anskaffa (SIKRI) og hadde oppstartemøte med nabokommunane Bømlo, Kvinnherad og Fitjar i dag, den 26.08.21. Planlagt ta i bruk januar 2022.	ARN		Utført
Status per 15.11.21: Fagsystemet er anskaffa (SIKRI). Implementering og iverksetjing går som planlagt. Fagsystemet vert teke i bruk januar 2022.	ARN		Pågår
2. Iverksette tiltak for å sikre at avvikssystemet også vert nytta innanfor byggesakshandsaminga			
Melde avvik på brot på lovbestemte tidsfristar i medhald av plan- og bygningslova i Compilo	ARN		31.12.2020
Status per 15.01.21: Rutinane for handsaming av byggesaker er revidert for å ivareta dette.	ARN		07.01.2021
Opplæring avvik i kvalitetssystemet Compilo	ARN		31.12.2020
Status per 15.01.21: Opplæring i å melda avvik i kvalitetssystemet Compilo planlagt 28.01.2021.	ARN		Utført
Status per 26.08.21: Opplæring utført 28.01.2021.	ARN		Utført
Revidere aktuelle byggesaksrutinar og sjekklister	ARN		31.12.2020
Status per 15.01.21: Rutinar og sjekklister er revidert for å ivareta at avvikssystem vert nytta innanfor byggesakshandsaminga.	ARN		Utført
3. Etablere arbeidsrutinar som sikrar gjennomføring og oppfølging av tilsyn, irekna å vurdere om dei har tilstrekkelig kapasitet for å gjennomføre tilsyn i samsvar med målsetting og regelverk			
Lage rutinar, malar for tilsyn m.m. i tråd med RBO sin tilsynsstrategi	ARN		31.12.2020
Status per 15.01.21: Under arbeid, men forseinka grunna heimekontor korona, rehabilitering på rådhuset 2020 samt behov for opplæring av nyttilsett tilsynsleiar.			Pågår
Status per 26.08.21: Under arbeid, men tilsynsleiar i stor grad omdisponert til byggjesakshandsaming grunna vakansar.	ARN		Pågår
Status per 15.11.21: Under arbeid, men tilsynsleiar i stor grad omdisponert til byggjesakshandsaming grunna vakansar.	ARN		Pågår
Heve kompetanse på fagområdet tilsyn gjennom kurs, nettverksgrupper o.l.	ARN		31.12.2020
Status per 15.01.21: Tilsynsleiar har delteke på Direktoratet for byggkvalitet's Tilsynsdagen 2020.	ARN		Kontinuerleg

Grunna korona har det vore lite aktivitet med nettversamlingar og kurs i 2020.		prosess
Gjere nærare vurdering av RBO sin kapasitet til tilsyn	ARN	31.12.2020
Status per 15.01.21: Under arbeid, men forseinka grunna heimekontor korona, rehabilitering på rådhuset 2020 samt behov for opplæring av nyttilsett tilsynsleiar.		Pågår
Status per 26.08.21: For lite kapasitet i høve til saksmengde. Har måtta prioritere ordinær byggesakshandsaming	ARN	pågår
Status per 15.11.21: For lite kapasitet i høve saksmengde. Har i tillegg måtta prioritere ordinær byggesakshandsaming grunna vakansar. Auka ressurs for tilsyn er lagt inn i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan f.o.m. januar 2023.	ARN	pågår
Redusert opningstid/telefonstid på byggesak for å frigjera tid til byggesakshandsaming og arbeid med tilsyn.	ARN	01.10.2020
Status per 15.01.21: Opningstid for publikum/telefonstid på byggesak er redusert og er no sett til kl. 11.30 – 14.30 måndag – fredag.	ARN	Utført
4. Etablere og implementere tydelege samhandlingsrutinar mellom regulering, bygg og oppmåling (RBO), Stord kommunalteknikk (SKT) vass- og avløp (VA) og vegmynde		
SKT Veg: Lage skriftleg informasjon til søkjarar om vegmynde sine krav i samband med søknad om avkjørslar og dispensasjon frå byggegrenser mot kommunal veg. Ferdigstille LEAN-prosjekt (søknad om avkjørslar og dispensasjon frå byggegrense) i samband med byggesaker.	RSA	31.12.2020
Status per 15.01.21: Under arbeid, men forseinka grunna heimekontor korona og rehabilitering på rådhuset 2020.		Pågår
Status per 26.08.21: Under arbeid, men forseinka.	RSA	Pågår
Status per 15.11.21: Utsett grunna kapasitetsmangel	AHE	Utsett
SKT Veg: Revidera vegnormen til Stord kommune for meir føreseielege krav til vegstandard mm. i samband med utarbeiding av reguleringsplan og byggetiltak.	RSA	Starta opp
Status per 15.01.21: Under arbeid, men forseinka grunna heimekontor korona og rehabilitering på rådhuset 2020.		Pågår
Status per 26.08.21: Under arbeid, men forseinka.	RSA	Pågår
Status per 15.11.21: Utsett grunna kapasitetsmangel	AHE	Utsett
SKT VA: Etablere ny rutine med førehandsuttale i høve kommunale vass- og avløpsleidningar i samband med søknad om tiltak etter plan- og bygningslova, i staden for dagens rutine med kun VA-kart	RSA/A RN	31.12.2020
Status per 15.01.21: Under arbeid, men forseinka grunna heimekontor korona og rehabilitering på rådhuset 2020.		Pågår
Status per 26.08.21: Under arbeid, men forseinka grunna heimekontor korona og rehabilitering på rådhuset 2020/2021 samt kapasitetsutfordringar.	RSA/A RN	Pågår
